


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. D. Bødker



frå kyrkjeboka



Døypte

16.11.14

- Jade Elvira Pedersen
- Marcus Herland Fonn
- Alfred Cornelius Nordnes
- Oline Matland Østerås

4.1.15

- Oliver Gjerde Skulstad
- Lisa Tveit Nævdal
- Trym Haugen Brugrand

18.1.15

- Ludvig Johan Solberg
- Theo Jørgensen Vikøy
- Madelen Skar
15.2.15
- Petrine Kalvatn
- Ella Konstanse Hope
- Emilie Langeland Skogheim
- Ulrik Kolle-Beckstrøm

1.3.15

Alina Skår Foss



Vigde

06.12.14

Sveinung Aase og
Camilla Bjerkeng



Døde

28.10.14

Astrid Boge

22.11.14

Kirsten Solveig Øpstebø

24.11.14

Nansy Myren

25.11.14

Cecilie Elisabeth Oldervoll

15.12.14

Anna Hanevik

18.12.14

Nanni Marie Pedersen

14.1.15

Marta Kleivane

27.1.15

Olav Sandvik

29.1.15

Nansy Helene Nordbø

2.2.15

Margit Aslaug Sveva

5.2.15

Trygve Totland

11.2.15

Ove Endre Gjerde

Kyrkjevalet 2015

Kven skal styra kyrkja vår?

14. september er ikkje berre valdag for kommunestyra, men også for sokneråda. Fram til 1. mai kan du påverka kven som skal stå på val.

Samnanger sokneråd som valstyre, kjem til å stilla ei liste til valet. Dei er takksame for tips og framlegg til listekandidatar! Medlemmer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2015 fyller 18 år, kan veljast. Ta kontakt med leiar av nominasjonskomiteen, Solvor Aadland på tlf. 93424361 innan 20. april.

Men om de er ei gruppe som ynskjer å stilla eiga liste til valet, er det høve til det. De må då vera minst 10 framleggsstillarar som alle er røysteføre i soknerådsvalet. dvs. de må vera over 18 år og medlemmer av DNK. Ein av framleggsstillarane må stå som tillitsvald, med kontaktinformasjon. Set gjerne eit namn til overskrift på lista, som fortel noko om kva de står for og lag eit program for lista, som kan publiserast til veljarane. Slike «alternative lister» treng ikkje

ha fleire på lista enn dei som er med i soknerådet, og hjå oss vil det seia 6 stk. Maksimalt kan de i Samnanger ha 15 stk. på lista. Alle desse må vera spurde på førehand, og ha sagt seg villige til å stå på lista. Me treng fullt namn og alder på kandidatane, i tillegg nyttar me yrke og grend, slik at det er lettare for veljarane å finna ut kven det er snakk om. Døme: Ola Nordmann, 46 år, Ytre-tysse. Lista skal ha minst 40% av kvart kjønn og 20% skal vera under 30 år. Lista skal vera i prioritert rekkjefølgje. Det er ikkje lov å stå på meir enn ei liste til soknerådsvalet, men framleggsstillarar kan også sjølv stå på lista dei gjer framlegg om.

Frist for innlevering av listeframlegg er 1. mai og listene skal godkjennast innan 8. mai. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om det er spørsmål.

To kyrkjeval

Kyrkjevalet finn altså stad (13.-) 14. september 2015, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på fire leke medlemmer av bispedømerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet.

Medlemene av bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemmer i Kyrkjemøtet, det høgste organet i Den norske kyrkja. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og fylkestingsvalet og i nærleiken av dei ofentlege vallokala. Alle røysteføre medlemmer av kyrkja vil få tilsendt eit valkort i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan røysta.

Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, i tillegg til jus og forvaltning av økonomien.

Her er nokre eksempel på ansvarsområda til soknerådet:

- Trusopplæring for døypte frå 0 til 18 år
- Diakonal teneste (omsorgstenesta i kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Kyrkjeoffer /gåver
- Misjonsprosjekt
- Utleige av kyrkja
- Uttalar seg ved tilsetjing av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige
- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden

• Røystar på tre av dei leke kandidatane til bispedømerådet/ Kyrkjemøtet

• I kommunar med eit sokn, fungerer også soknerådet som «fellesråd» saman med ein kommunal representant. Får me ei kommunesamanslåing i perioden, får soknerådet ein eller to representantar i eit kyrkjeleg fellesråd for heile kommunen. Fellesrådet tek seg av dei administrative og økonomiske oppgåvene på vegner av sokna, og dei opprettar og legg ned stillingar.

Det er 6 valde medlemmer i Samnanger sokneråd. Dei har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta. Den kommunale representanten vert utnemnd av kommunestyret. Medlemmene er valde for fire år.

Soknerådet møtest ca. 4 gongar i halvåret. Dei aller fleste som sit i eit sokneråd, opplever at vervet ikkje krev mykje av fritida deira; dei fleste nyttar mindre enn ein time i veka på vervet. Ei undersøking blant soknerådsmedlemmer som DNK har fått gjort, viser at eit stort fleirtal både trivst og opplever det som meningsfylt å sitja i soknerådet. 85 prosent av rådsmedlemmene synest vervet var meir eller om lag så tilfredsstillande som dei hadde forventa.

NY PREST - MEN MÅ ME DELA HAN MED ANDRE?

Til sumaren går Audun Aase av med pensjon. Han har vore her sidan 1. mars 1987, og nokon av sokneborna har han både døypt, konfirmert, vigd og døypt borna til. Men 28. juni er det slutt. Då held han den siste gudstenesta si som sokneprest i Samnanger. Denne saka vil nok både Samnangen og kyrkjesida koma attende til.

No er det spanande nok kva ny prest me kjem til å få. Kanskje det vert den første kvinnelige presten i Samnanger? Av dei nyutdanna prestane er det flest av det slaget. I tillegg er det spanande om me får behalda ein heil prest i Samnanger. Bispedømet har tidlegare sagt at det minst bør vera 3200 medlemmer i eit sokn, om det skal forsvarast å

ha eigen prest. Dei har også uttala at dei ynskjer å spare inn på presteressursane i distrikta, fordi ein må møta folkeveksten rundt Bergen med auka ressursar. I bykommunane er det mellom 5 og 6000 personar pr. prest. No ligg det føre eit framlegg til Bispedømerådet om å tilsetja ein prest mindre i Hardanger/Voss prosti, som me no høyrer til. Det er den ledige stillinga som prostiprest i Fusa og Strandebarne som det er framlegg om å trekkja inn. Fusa, som for mindre enn fem år sidan hadde to heile prestestillingar, må då klara seg med ein. Skal dei klara det, må samningane dela sin prest med fusingane. Kanskje rundt 40% av arbeidstida til presten i Samnanger må brukast i Fusa, seier stiftsdirektøren til Os og Fusaposten.

Det er sterk motstand mot desse reduksjonane i prostiet. Både prosten og dei ulike sokneråda argumenterer for å få behalda presteressursane, og peikar på at dette vert den tredje stillinga på 5 år, som skal fjernast frå same området. Bispedømerådet nyttar ein tabell som bakgrunnsmateriale for vurderingane sine. Det er berre om ein nyttar folketal åleine som grunn, at ein ut frå denne tabellen kan forsvara å gje så lite ressursar til Fusa og Samnanger. Om me ser på

tida som går med til kyrkjelege handlingar og rådsmøte, vil me til saman ha bruk for 2,7 stilling, står det. Men då er ikkje reisetid og kyrkjetal rekna inn i det heile. Fusa har fem kyrkjer, der det regelmessig vert halde gudstenester, og reisetid på over ein time frå eine kanten av «riket» til den andre. Skal samnangerpresten ha tenester i Fusa, vil det verta ca. ein time reisetid til Strandvik og Sundvor frå Haga. Det kan fort verta 4 timer som går med berre i reisetid i tilknytning til ei gravferd. Dessutan vil mykje av det ein prest gjer, ta like lang tid anten han har ein kyrkjelyd på 2000 eller ein på 10 000. Ei gudsteneste tek like lang tid å førebu og halda om det er 40 som tek del, eller 140, eit orienteringsmøte for dåpsforeldre kan haldast ein gong i månaden om det er 6 eller 20 med på møtet og ulike planleggingsmøte vil måtta haldast i ein liten kyrkjelyd så vel som ein stor. I tillegg går ein del lokalt arbeid føre seg ute i krinsane, og presten må kanskje reisa rundt å ta del på td. trusopplæringstiltak der.

Soknerådet i Samnanger ber bispedømerådet om å ta ein prinsipiell debatt om kva kriterium dei skal ha for å vurdera trongen for presteressursar, før dei igjen

skjer ned i vårt prosti. Hardanger/Voss prosti strekkjer seg frå Stamnes og Samnanger til Ulvik og Røldal. Det kan vanskeleg samanliknast med byprostia, utan at ein tek omsyn til areal, kyrkjetal og reisetider.

Skal lokalt arbeid, tryggleik og det å høyra til ein stad, vera verdier me vil ta vare på? Eller skal gudstenester og trusopplæring sentraliserast og grendekyrkje-berre nyttast til gravferder? Dette kan verta resultatet om ein berre tek omsyn til folketal. Det er klart at for både Fusa og Samnanger, vil det vera naudsynt å skjera ned på gudstenester om me berre skal ha to prestar på deling. Viss ikkje står me i fare for å stå att med «tenesteprestar» som må bruka all tida si på gudstenester, gravferder, bryllaup, administrasjonsmøte og reising og ikkje har tid til å engasjera seg i anna kyrkjelydsarbeid. Me har nyleg fått godkjend trusopplæringssplanar og skal setja i gong med tiltak for alle frå 0 til 18 år. Me ynskjer å ha presten med som ein ressurs både i konfirmantopplæring og trusopplæring elles, i tillegg til diakoni og anna kyrkjelydsarbeid.

Saka skal opp i bispedømerådet den 24. mars. Me ventar spent på resultatet.

